



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1659 - 19/23961

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.08.2019

Oversender vedtak om dispensasjon og løyve til etablering av tilbygg til fritidsbustad til klagevurdering - gbnr 235/2 Heltveit


Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 235/2
Tiltakshavar: Petter Berge


Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til fritidsbustad og utviding av terrasse på gbnr 235/2. Tilbygget går over ein etasje og har eit bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 17 m² medan terrassen vert utvida frå 12 m² til 18,8 m². Samla bruksareal for bygget er oppgitt til 126,3 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 7,8 % BRA.

Tiltaket har vore nabovarsla og det ligg ikkje føre nabomerknader.

Omsøkt tiltak



Eksisterande situasjon



Planstatus



Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Tiltaket er i strid med arealføremålet og plan- og bygningslova § 1-8, og krev at det vert gitt dispensasjon for desse forholda.

Sakshandsaming

Det vart gitt dispensasjon og løyve til etablering av tilbygg til fritidsbustaden i administrativt vedtak saknr. 454/19 datert 13.08.2019. Følgjande vedtak var fatta:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) og §1-8 (byggjeforbodet i strandsona) for oppføring av tilbygg til fritidsbustad på gbnr. 235/2 slik det er søkt om.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4 vert det gjeve løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustad på gbnr 235/2 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 12.08.2019, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:
Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.»**

Søknaden har ikkje vore send på høyring til regionale styresmakter. Vedtaket vert med dette send over til Fylkesmannen i Vestland for klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post anne.lise.molvik@lindas.kommune.no eller på telefon 56 37 56 40.

Lenke til saka i kommunen si innsynsløysing finn du her.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustad - gbnr 235/2 Heltveit
Søknad (Org pdf)

Vedlegg:

Tilleggsopplysninger hytte

Kopi til:

Petter Berge

Fanahammeren 61 A 5244

FANA

Petter Berge

Fanahammeren 61 A 5244

FANA

Mottakrar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER